



Eldste velgjar blir kanskje Klara Døssland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen er ikkje kjend for spesielt stor valdeltaking, for seks år sidan var vi på jumboplassen i Kvinnherad. Men vi får håpa at det ligg an til ein framgang denne gongen. Etter dei to første timane har 102 gjort borgarplikta si i Aktivitetshuset medan berre 60 hadde stemt så langt ved kommune- og fylkestingsvalet for to år sidan. Rundt rekna 60 uskedalingar har stemt på førehånd.



Femteklassa med Kari Swinth som lærar fekk ein ekstra skuletime om val. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er 748 røysteføre i vår bygd ved dette valet, medan det var 765 for to år sidan. 33 av dei har sjansen til å røysta for første gong i livet sitt, men på dei første to timane hadde ingen av dei gjort det.



Soknerådsvalet går føre seg ved hovudinggangen. Bak urna sit leiar Audun Eik og Marit Langballe. Edit Kjærland slepp røystesetelen i urna. Bak henne Gunnar Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Pensjonistane var rimelegvis i klart fleirtal frå starten og ei som snart rundar 92 toppa laget og blir kanskje den eldste som røystar i Uskedalen denne gongen. Det var Klara Døssland, som gjorde det klart for uskedalen.no at ho ikkje har skulka eit einaste val sidan ho fekk røysterett og at ho har stemt på det same partiet gjennom heile livet!





No er det gjort, seier Trygve Haugland (81). Stemmestyret består av Åse Myklebust Neset, Bjørgulv Eik, Olaug Åsen og Steinar Kroka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein annan nestor, Trygve Haugland (81) fortalde at også han har stemt kvar gong sidan han fekk stemmerett som 21-åring og at stemmestaden hans var lokalet Vonheim før dei skifta til Helgheimskjellaren.



Lite tilløp til kø ved 12-tida. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av dei desiderte nestorar i politikken i bygda, Knut Sjøwall, tippa raudgrønt men la til at ynskjemålet hans er ei mindretallsregjering under Jens!

Røystestyret vert også denne gongen sikkert og pedagogisk leia av Åse Myklebust Neset med Steinar Kroka, Bjørgulv Eik og Olaug Åsen på laget. Ho dirigerar velgjarane dit dei skal og det er i første omgang dei tre avlukka. Det skal ikkje vera fleire enn ein velgjar om gongen i avlukket, noko som i eitt tilfelle førte til at to som har vore gifte i snart 60 år måtte skiljast for første gongen!

Eit anna kritisk punkt er bretteinga. Velgjaren blir sendt inn att i avlukket hvis ho eller han har bretta med partinamnet ut.

Som høgst uoffisiell valobservatør kan uskedalen.no slå fast at stemmestyret gjer jobben sin prikkfritt og er prega

av høg kompetanse. Og er dei i tvil om noko, nølar dei ikkje med å henta inn råd og opplysningar frå høgare hald. Valet i Uskedalen skiljer seg også frå mange andre denne repørter har opplevd: Stemmestyret gjennomfører dei åtte timane utan pause og har heller ikkje nokon form for servering utanom den sei sørger for sjølve!

Stortingsvalet går føre seg med inngang frå fjordsida, medan ein kjem til soknerådsvalet via hovudinngangen i Aktivitetshuset. Soknerådsleiar Audun Eik opplyser at frammøtet har vore mykje større enn då dette valet var i kyrkja, i samband med ei gudsteneste. Røystestyret for Stortingsvalet minner hyppig velgjarane om det andre valet i huset.

Og valveret er så fantastisk at røystestyreleiaren eigentleg ønskjer eit friluftsvål!

Av Ola Matti Mathisen